

«DU STINKAR OGSÅ»

UNGDOMSOPPRØR OG PROTESTRØRSLER I DEI PALESTINSKE LEIRANE I LIBANON

I flyktningleirane i Libanon utfordrar yngre opposisjonskrefter maktmonopolet til den eldre generasjonen i den palestinske nasjonalrørsla.

FAGFELLEVURDERT ARTIKKEL av ERLING LORENTZEN SOGGE

I juli 2015 klarte ein kampanje på sosiale medium å mobilisere massedemonstrasjonar i Beirut. Kampanjen «You Stink» var ein reaksjon på manglande evne hos den politiske eliten til å handtere ei eskalerande avfallskrise som gjorde at fleire libanesiske byar var i ferd med å bli overfylte av søppel.¹ For dei tusenvis av demonstrantane som samla seg i Beirut sentrum, var «stanken» berre eitt av fleire symptom på ei langvarig politisk krise. Libanon hadde vore utan president i eitt og eit halvt år, og landet var styrt av ei avgått regjerings- og eit parlament som, i strid med grunnlova, hadde forlenget perioden sin to gonger.² På same tid som internasjonal presse erklærte at Libanon hadde fått sin eigen «arabiske vår»,³ var dei palestinske flyktningleirane i landet også vitne til demonstrasjonar og opptøyar. Palestinarane, på si side, retta ikkje sinnet sitt mot den libanesiske staten, men mot sin eigen politiske leiarskap.

Den 5. august 2015 fylte mengder av rasande menneske gatene i Burj al-Barajne, den største av tre palestinske flyktningleirar i den libanesiske hovudstaden. Demonstrasjonen vart utløyst av at ein ung palestinare med namn Ahmad Kassab hadde døydd etter å ha komme i kontakt med ein

øydelagd straumkabel. Leirbuarane hadde lenge klaga over mangel på vedlikehald av straumanlegget i Burj al-Barajne, der ein jungel av elektriske kablar som strekker seg ned frå hustaka, hadde kravd fleire liv dei siste åra.⁴ Denne gongen hadde innbyggjarane fått nok og samla seg rundt kontora til dei palestinske fraksjonane medan dei forlanga at dei politiske leiarane kom ut for å høyre krava deira. «Folket i denne leiren kan ikkje lenger halde fram på denne måten», sa ein av demonstrantane i ein appell som vart filma av ein palestinsk fjernsynskanal:

Kom ned til gata og hør folket tale, for denne rørsla og denne folkerevolusjonen vil fortsette. Om desse politiske autoritetane ikkje er i stand til å gi folk rettane dei har krav på gjennom dialog med staten, så kom igjen, gå av, forlat denne leiren, for folket vil aldri forlate gatene.⁵

Demonstrantane kravde at folkekomiteane, dei interne politiske administrasjonane i leiren, skulle opplysts eller gå av. Hendingane i Burj al-

Ei elv av søppel rant gjennom Beirut i 2015.



Barajne var ikkje eit isolert fenomen, men starten på ei bølgje av politisk aktivisme som i stor grad var organisert av ungdom. I dei kommande månadene spreidde demonstrasjonane seg til andre flyktningeleirar i Libanon, medan palestinsk ungdom byrja trykke aktivistmagasin og starta kampanjar for demokratiske val av leirkomitear. «Dette er vår måte å seie 'You stink too' på», kunne ein ung palestinsk aktivist fortelje.⁶

Korleis skal vi forstå denne bølgja av aktivisme? Korleis organiserer aktivistane seg, og kva har dei fått til? Basert på ei rekke intervju med aktivistgrupper, prominente personar frå sosiale medium og unge medlemmar av dei palestinske

❧
Leirungdommen og dei politiske leiarane
deira hadde ikkje for vane å lytte til
kvarandre.

❧

fraksjonane mellom 2013 og 2017,⁷ vil eg i denne artikkelen forsøke å finne svar på desse spørsmåla. Aktørane vi møter i denne artikkelen, er inspirerte av dei ungdommelege og kreative protesttaktikkane som vi kjenner frå den arabiske våren, og ikkje minst frå den libanesiske You Stink-rørsla. Når det er sagt, har eg ikkje her til intensjon å legge opp til eit komparativt studium av ulike sosiale rørsler og ungdom i den arabiske verda. Denne artikkelen dreier seg først og fremst om eit intern palestinsk oppgjer, der reform og utskifting av politiske institusjonar i flyktningeleirane står på dagsordenen. Som vi skal sjå, treffer kritikken ei nerve hos den palestinske leiarskapen, her representert ved PLO (Den palestinske frigjøringsorganisasjonen) og Den palestinske sjølvstyre-makta (PA), som brukar mykje tid og krefter på å slå tilbake mot dei unge aktivistane. Såleis vil eg argumentere for at dei palestinske leirane i

Libanon i dag er ein arena for eit breiare generasjonsopprør der yngre opposisjonskrefter utfordrar maktmonopolet til den eldre generasjonen i den palestinske nasjonalrørsla – eit fenomen som vi primært kjenner frå Vestbreidda. Dette inneber også at vi må tenke nytt omkring palestinsk politisk liv i eksil.

FLYKTNINGLEIRANE SOM ARENA FOR POLITIKK

I desember 2015 deltok eg på ein konferanse i Sør-Libanon om utfordringar som palestinsk ungdom i Libanon møter i kvardagen. Ein ikkje-statleg organisasjon (NGO) hadde invitert både ungdom og politiske leiarar frå landets største palestinske flyktningeleir, 'Ayn al-Hilwe, som ligg ved den sørlege hamnebyen Sayda, til å delta. Målet var å få partane i tale for å diskutere strategiar for å ta hand om problem som arbeidsløyse, mangel på utdanning og narkotikamisbruk blant unge.

Under konferansen vart det tydeleg at leirungdommen og dei politiske leiarane deira ikkje hadde for vane å lytte til kvarandre. Stemninga gjekk frå amper til fiendtleg da ein ung libanesisk forskar la fram statistikk over arbeidsløyse blant libanesarar; målet var å demonstrere korleis palestinsk og libanesisk ungdom sleit med mange av dei same utfordringane. Delegatar frå den palestinske fraksjonen DFLP (Den demokratiske fronten for frigjeringa av Palestina) avbraut forskaren og bad han revurdere resultata sine – dei meinte han neglisjerte den strukturelle undertrykkinga som held palestinsk ungdom ute frå den libanesiske arbeidsmarknaden. Som statslause flyktningar manglar palestinarane i Libanon ikkje berre grunnleggande sivile rettar som eigedomsrett, arverett eller tilgang til offentlege tenester, men eit krunglete byråkratisk system gjer det òg svært vanskeleg for dei å få tak arbeidsløyve.⁸ Dei som er privilegerte nok til å ha råd til høgare utdanning, vil i liten grad ha tilgang til arbeidsmarknaden når tida kjem for å söke jobb.⁹ Jamvel

om dei yngre deltagarane så klart kjente godt til dette diskriminerande lovverket, likte dei därleg at nokon skulle tale på vegner av dei. Medlemmar av ungdomsrørsla til Fatah, den største palestinske politiske gruppa, reiste seg frå stolane sine og hogg tilbake mot dei eldre politiske leiarane: «Kva veit de om ungdom i leiren? Når begynte de å bry dykk om vårt perspektiv? De verken ser oss eller høyrer på oss!»¹⁰ I deira auge var det ikkje berre lovverket til vertsstaten som undertrykte, men dei såg på sine eigne politiske representantar i flyktningeleirane som eit trøngsynt eldrevelde som aksjert ekskluderte ungdom frå å delta i samfunnet.

I studiane sine om politisk aktivisme på Vestbreidda har Jacob Høigilt dokumentert korleis palestinsk ungdom er utsett for ei form for dobbel undertrykking: Dei er ikkje berre utsette for systematisk diskriminering av okkupasjonsmakta, men blir også i stor grad framandgjorde av den palestinske leiarskapen.¹¹ Her er det klare parallellar mellom situasjonen til palestinsk ungdom på Vestbreidda og situasjonen til dei som bur i leirane i Libanon. Men sjølv om det er ei veksande akademisk interesse for ungdomsrørsler og generasjonskamp i palestinsk politikk,¹² har ikkje denne omfatta dei store palestinske miljøa utanfor heimlandet. Der storleksperioden til den palestinske nasjonalrørsla i Libanon fra 1969 til - 1982 er godt dekt i forskingslitteraturen (meir om dette under), har seinare forsking i liten grad sett på desse flyktningeleirane i eksil som arenaar for palestinsk politikk.

Dette heng tett saman med den store påverknaden filosofen Giorgio Agamben har hatt på studiet av flyktningeleirar generelt.¹³ Agamben ser på den moderne leiren mest av alt som ein arena for totalitær maktmisbruk der statsmakter ser sitt snitt til å oppbevare flyktningar, papirlause og andre menneske som er uønskte i samfunnet. Rettslause og avskorne frå omverda lever leirbaserte flyktningar såleis i ein vedvarande

unnatakstilstand (*state of exception*) der livet står fullstendig på vent og den normale samfunnsordenen blir oppheva.¹⁴ Sidan statsmakter gjerne forpliktar seg til å ta vare på den fysiske eksistensen til flyktningane (ved å stue dei bort i fattigslege leiarar), men nektar å ta vare på dei politiske rettane deira, hevdar Agamben at leirbaserte flyktningar sluttar å fungere som politiske vesen: Dei går over i ein rein fysisk, eller biologisk eksistens.¹⁵

I dei siste åra har forskarar likevel hevdat Agambens idear om flyktningeleirar ser ut til å stemme därleg. Spesielt i dei palestinske leirane, som gjerne har sine eigne politiske myndigheter, og som husar eit lappetepp av geriljarørsler, religiøse organisasjonar og internasjonale støtteorganisasjonar, er det lite som tyder på at diskrimineringa av flyktningane set ein stoppar for politisk liv.¹⁶ Slik dei unge Fatah-medlemmane på konferansen i Sayda by var ivrige etter å kommunisere: Sjølv om dei mangla grunnleggande rettar, var det ikkje slik at dei mangla ei politisk stemme eller handlekraft. Denne artikkelen kan dermed lesast som eit bidrag til ein veksande fagleg litteratur som søker å gå vidare frå Agamben, og som har som mål om å kartlegge korleis leirbaserte flyktningar finn måtar å organisere seg på, sosialt og politisk, trass i at dei bur i marginen av samfunnet både fysisk og rettsleg. Slik sett gjer vi klokt i å ta til oss påpeikinga til antropologen Dag Tuastad når han hevdar at leirane i Libanon minner meir om «palestinske statar i eksil» enn om Agambens «unnataksområde».¹⁷ For å forstå kva som ligg i dette og for å få betre innblikk i den rolla palestinsk ungdom spelar i nasjonalrørsla i eksil, skal vi byrje med å gje eit lite dykk i historia.

NASJONALRØRSLA I EKSIL

I 1969 underteikna Yasser Arafat, som leiar for PLO, ein avtale med libanesiske myndigheter som

gav dei palestinske geriljarørlene rett til å utkjempe den «palestinske revolusjonen» frå libanesisk jord.¹⁸ For PLO var dette ein unik sjanse til å trappe opp den militære kampen mot Israel, som i all hovudsak hadde gått føre seg frå Jordan sidan midten av 1960-åra. Som vi skal sjå, hadde den libanesiske staten lite anna val enn å godta avtalen.

Kort tid etter at det internasjonale samfunnet var med på å etablerte seksten flyktningleirar for å huse dei over hundre tusen palestinarane som hadde flykta nordover til Libanon under krigen mot sionistrørsla i 1947–1948, byrja desse leirområda å utmerke seg som basar for palestinsk nasjonalistisk tankeverksemد og politisk aktivitet.¹⁹ Den storstilte politiske oppvakninga som diasporaen opplevde utover 1950-åra, skulle i det kommande tiåret resultere i ei væpning av flyktningleirane. Det fatale arabiske tapet mot Israel i sekshundaråskrigen i 1967 og slaget ved Karameh i Jordan i 1968, der jordanske og palestinske styrkar slo tilbake mot den israelske hæren, var hendingar som skapte mykje engasjement og bidrog til at flyktningane byrja å verve seg i stor skala til dei palestinske militsgruppene.²⁰ Medan Syria la strenge restriksjonar på PLOS handlingsrom og Jordan etter kvart svara med å kaste geriljakrigarane på dør, var den libanesiske staten så splitta politisk at han ikkje hadde evne til å motsette seg dei væpna palestinske gruppene. Opposisjonsleiarar på den libanesiske venstresida og sunni-muslimske politiske grupper støtta PLOS rett til å bere våpen, ikkje berre fordi dei hadde sympati med palestinarane og saka deira, men også fordi dei kalkulerte med at eit palestinsk militært nærvær ville vere med på å bryte ned maktmonopolet til den kristen-nasjonalistiske høgre-eliten i Libanon.²¹ Etter at det braut ut kampar mellom delar av PLO og den libanesiske hæren våren 1969, vart det pinleg klart at sistnemnde var militært underlegen dei pales-

tinske gruppene.²² Gjennom underteikninga av den ovannemnde avtalen, kjend som Kairoavtalen frå 1969, fekk PLO full kontroll over dei palestinske flyktningleirane, medan den libanesiske hæren trekte seg ut. Leirane vart gradvis utstyrt med komplekse politiske og militære institusjonar, medan skolar, sjukhus og klinikkar vaks fram med hjelp frå det internasjonale samfunnet og støttespelarar i Golf-landa. Leirane var ikkje lenger fattigslege urbane slummar, men tok til å likne statar i staten, eller palestinske statar i eksil. PLO stod for eit årleg budsjett på ein milliard dollar og vart den største arbeidsgivaren i landet nest etter den libanesiske staten.²³

Forskarar har lagt vekt på korleis den væpna kampen mot Israel, saman med autonomien som palestinarane opplevde i eksil i Libanon, hadde ein enorm transformativ effekt på flyktningane sitt eige sjølvbilete. Dei var ikkje lenger uvitande bønder, stakkarslege leirbuarar eller brikker i nokon andre sitt spel – dei tok no rolla som politiske aktørar, revolusjonærar og geriljakrigarar.²⁴ Desse nye ideala hadde også praktiske konsekvensar for korleis flyktningleirane organiserte seg politisk. Antropologen Julie Peteet har vist korleis dei palestinske militsgruppene i 1960- og 1970-åra vart proponentar for ei egalitær form for deltaking som gav mykje handlingsrom til unge menn og kvinner.²⁵ Dette fordi ein breiare nasjonalistisk kamp fekk forrang framfor tradisjonelle og konservative levemåtar. Militane dyrka symbol som rifla og flagget og framheva militær motstand heller enn slektskapslojalitet, familiære band ('ird) var noko reaksjonært som var til hinder for den palestinske revolusjonen.²⁶ Slik kom PLO til å stå i brodden for progressive ideal som skilde seg mykje frå den politiske kulturen i dei arabiske statane. Det skulle ikkje vare.

Gjennom det militære nærværet i Libanon var målet til dei palestinske geriljarørlene å dra dei

arabiske nabolanda inn i ein krig mot Israel som ville ende med siger for palestinarane. I staden var dei med på å dra Libanon inn i ein femten år lang blodig borgarkrig som mellom anna resulterte i PLOS nederlag.²⁷ I 1982 måtte PLOS leiarskap evakuere til Tunisia etter at Israel invaderte Libanon og knekte den palestinske motstanden. Draumen om heimlandet var lenger unna enn nokon gong. Militsgruppene fekk halde fram med å styre flyktningeleirane i Libanon,²⁸ men sterk intern politisk splid i palestinske rekker gjorde at

❖
Militsane dyrka symbol som rifla og flagget, og framheva militær motstand heller enn slektskapslojalitet.

❖

styringa av desse samfunna var i ferd med å rakne. Dei interne spenningane i Fatah auka sterkt da ei rekke prominente leiurar braut med hovudrørsla og allierte seg med Syria i 1983. Og for å oppretthalde politisk kontroll byrja leiarskapen å ty til koopereringstrategiar og klientelisme. Som leiar av både Fatah og PLO distribuerte Yasser Arafat økonomiske middel, arbeid og tenester til sine allierte for å sikre lojaliteten deira.²⁹ Personlege nettverk tok til å trumfe dei egalitære prinsippa som først hadde prega motstandsrøslene; korruption og inkompetanse vart oversett så lenge militsleirarar var lojale til fraksjonsleiarskapen.³⁰

Etter at det geografiske senteret for palestinsk politikk vart flytta frå eksillanda til Gaza i kjølvatnet av Oslo-avtalen (1993), noko som gjorde at store delar av PLO-leiarskapen kunne returnere for å bygge ein palestinsk sjølvstyremyndigkeit (PA, 1994), heldt desse tendensane fram. For å konsolidere makta rundt presidentembetet sitt i PA gav Arafat fordelaktige posisjonar og andre gode til lojalistar blant geriljaleiarar og klanhøvdingar,³¹ medan handlingsrommet til den yngre garden i

Fatah-rørsla vart betrakteleg innskrenka.³²

Militsgruppene i flyktningeleirane skulle eigenleg avvæpnast i tråd med fredsprosessen, men etter at nok eit mytteri råka Fatah-leiarskapen i Libanon da PLO i 1993 freista å kutte lønningane til sentrale aktørar i organisasjonen, snudde Arafat i dette spørsmålet.³³ For å hindre at Fatah-rørsla vart kapra av utbrytarar allierte med Syria og Iran, bestemte Arafat seg rundt tusenårsskiftet for heller å bygge ut militsapparata i leirane i Libanon.³⁴ Målet var ikkje å ruste opp til ein ny krig mot Israel, men å kjøpe lojaliteten til politiske disidentar i Fatah ved å sette dei tilbake på lønningslista til PA/PLO.³⁵ Jamvel om både palestinske og libanesiske myndigheter i seinare tid har tatt til orde for full avvæpning av leirane, har ei rekke politiske knutar hos begge partar hindra dette frå å skje.³⁶ Slik har militsgruppene halde fram med å diktere kvardagslivet i dei palestinske leirane i Libanon; utan ein krig å kjempe og utan brei støtte frå flyktningane sjølve.

I den grad dei tolv offisielle flyktningeleirane i Libanon framleis utgjer palestinske statar i eksil, er dette i dag statar utan ei brei deltaking nedanfrå. I denne situasjonen er det særleg ungdom som føler seg ekskludert.

INGEN LEIR FOR DEI UNGE

Gjennomsnittsalderen på palestinarane i Libanon er 30,3 år, medan halvparten er under 24.³⁷ Grunna dominansen som militsfraksjonane utsøver i den politiske sfæren, er det i liten grad venta at desse aldersgruppene skal delta i styringa av flyktningeleirane dei bur i. Fatah, for eksempel, er organisert i strenge militære hierarki der rang og påverknadskraft i prinsippet er basert på senioritet.³⁸ Politiske leiurar blir anten valde eller utpeikte av den sentrale leiarskapen på Vestbreidda, og dei lokale leirbefolkingane blir haldne unna alle avgjerdss prosessar. For den yngre garden er det å få ein jobb i rørsla gjerne

synonymt med å bli plassert i ein av militsvengene for å bere ei rifle på eit gatehjørne, der kultdyrkning av dei eldre kommandantane er eit vanleg fenomen. Fatahs ikkje-militære institusjonar på den andre sida, slik som alle arbeidarrørslene, fagforeiningane, kvinneforeiningane og dei humanitære organisasjonane som blomstra i leirane i 1960- og 1970-åra, er i dag kronisk underfinansierte og ofte forsømde av den politiske leiarskapen.³⁹

Det skal seiast at dette ikkje nødvendigvis gjeld for alle dei palestinske fraksjonane. I mai 2017 fortalte ein ung medlem av Fatah med misunning i stemma om korleis erkerivalen Hamas hadde valt ein 26-åring som politisk representant for dei tre palestinske leirane i den libanesiske byen Tyr (Sur).⁴⁰ «Dette er flaut», sa han. «Til samanlikning blir våre leiatar sittande i seta sine til dei døyr!»⁴¹

Desse orda var ikkje langt frå sanninga. Da eg besøkte flyktningeleiren al-Bedawi nord i landet, fekk eg høyre at Fatah-representanten som styrte komiteen, hadde sete i stillinga sidan desse interne politiske administrasjonane først vart oppretta i 1974. Abu Khalid hadde tatt side med dei pro-syriske palestinske gruppene etter kuppet i Fatah i 1983, men var blitt overtalt til å komme tilbake til Arafats rekke da sistnemnde gjorde ein innsats for å vinne tilbake leirane frå pro-syrisk dominans i 1999. Gjennom kløktig politisk manøvrering hadde han aldri måttå forlate rolla som leiar av folkekomiteen. Når det er sagt, kunne ein stille spørsmål ved evna hans til å styre leirsamfunnet. På sine eldre dagar hadde Abu Khalid blitt tunghørt og hadde vanskeleg for å hugse. I løpet av samtalene vår sovna han fleire gonger, og kollegaene hans måtte stadig minne han om kven eg var. Dei andre medlemmane av komiteen var til samanlikning unge, sjølv om ingen av dei såg ut til å vere under seksti år.⁴² Situasjonen i Beddawi-leiren var talande for korleis dei unge revolusjonærane som ein gong hadde vore med på

å mobilisere desse leirsamfunna til strid, med åra hadde vorte ein aldrande leiarskap som mangla relevante kvalifikasjoner for å leie sivile befolkningar i fredstid. Demonstrasjonane mot folkekomiteane som eg skildra i starten av denne artikkelen, var eit utløp for slike frustrasjoner. I neste avsnitt skal vi sjå nærmare på kven som stod bak dei.

NYE AKTIVISTNETTVERK TAR FORM

Jamvel om det er vanleg å høyre mykje murring om militsfraksjonane blant dei palestinske leirbuarane, er det sjeldan at denne misnøya får utløp i organisert motstand. For å forstå denne utviklinga må vi ta i betrakting tre viktige faktorar.

Den første faktoren har med flyktningkrisa å gjøre. Aktivistnettverka som vi snart skal møte, byrja først å ta form samstundes med at dei palestinske leirane i Libanon vart fylde til randa av flyktningar som hadde rømt frå krigen i Syria. Hausten 2014 var dette eit tema som vart hyppig diskutert på eit internettforum med namnet Det palestinske ungdomsnettverket.⁴³ Forumet hadde vorte grunnlagt av ei gruppe vener som var bekymra for tilstanden i leirane; kampen om knappe ressursar auka betrakteleg, medan infrastrukturen tok til å svikte. Desse venene hadde lita tru på at den palestinske politiske leiarskapen ville vere i stand til å møte krisa på ein konstruktiv måte. «Vi hadde ei kjensle at vi måtte spele ei rolle. Vi måtte ha ein plass på det palestinske politiske kartet som *shabab* (ungdom)», kunne Badi' fortelje. Som utdanna journalist på rundt tretti og medlem av Fatah i Burj al-Barajne var Badi' både typisk og atypisk for deltakarane i ungdomsnettverket. Typisk fordi han hadde høgare utdanning, kom frå ein middelklassefamilie og hadde ei teknokratisk forståing av leirpolitikk: Han insisterte på ferdigheiter og relevant erfaring, ikkje militær



قلم رصاص

العدد الأول - تشرين الأول / 2015

مجلة تصدر عن شباب من المخيمات الفلسطينية في لبنان



www.facebook.com/pencilcamp

● info@qalamrasas-lb.com

● www.qalamrasas-lb.com

rang eller senioritet, burde vere føresetnadene for å styre desse samfunna. Han var atypisk fordi han sjølv arbeidde for ein av militisfraksjonane, men sjølv om han var ein ivrig medlem av Fatah, kunne han knapt kallast ein partisan. Det var han og etterane hans som hadde leidd demonstrasjonane mot folkekomiteane i Burj al-Barajne etter at barndomsvenen Ahmad al-Kassab døydde i august 2015. Badi' si misnøye med fraksjonane handla ikkje om nærværet deira, men snarare om at inkompetansen og likegyldigheita deira, etter hans syn, gjorde leiren uthygg for innbyggjarane. Når det gjeld aktivistkollegaene til Badi', var det vanskeleg å spore ein felles ideologisk ståstad blant dei. Nokre støtta dei marxistiske gruppene, ein identifiserte seg med Hamas, medan andre avskydde alt som hadde med fraksjonspolitikk å gjere. Dei var kvinner og menn i 20- og 30-åra frå alle leirane i Libanon, og nokre var nykomstrar som hadde flykt til Libanon frå Syria. Sjølv om dei var relativt få, gjorde ytre omstende at desse nettverka fekk medvind.

Dette fører oss til faktor nummer to, som handlar om økonomisk stønad. I 2013 hadde ein NGO som var involvert i ei rekke utviklingsprosjekt for flyktninger i Libanon, fått eit større tilskot frå den britiske ambassaden i Beirut for å styrke arbeidet med ungdom og sivilsamfunn i dei palestinske leirane. Denne NGO-en kunne såleis tilsette ei rekke unge palestinrarar med mykje organisasjonsfaring som gjerne hadde tette nettverk til aktivistar i leirane. Aktivistar som Badi' og venene hans kunne på si side utan store vanskar søke om økonomisk stønad for å starte viktige initiativ eller bygge institusjonar. Eit eksempel på dette er ungdomsmagasinet Qalam Rasas,⁴⁴ som dei lanserte hausten 2015. Denne publikasjonen etablerte seg raskt som sjølve talerøyret for dei nye aktivistnettverka som var i ferd med å dukke opp i leirane.

I leiarartikkelen til den første utgåva av Qalam Rasas, som mest av alt liknar eit manifest, får vi

eit inntrykk av korleis desse aktivistane forstår sin plass i verda. Artikkelen byrjar med å dra parallellar mellom studentopptøyane i Europa i 1960-åra og dei pågåande opprøra i den arabiske verda og ikkje minst i gatene i Beirut. Han går så vidare til å framheve den doble undertrykkinga palestinsk ungdom er utsett for i heimlandet: Ikkje berre lir dei under «arrogansen og uhyrlegheten» til okkupasjonen, men i tillegg har PA og den palestinske presidenten byrja å «etterlikne taktikken til dei arabiske regima» ved å forfölge aktivistar og fengsle ungdom som tar til motmæle mot makta.⁴⁵ Herifrå går artikkelen over til å skildre korleis desse autoritære tendensane også har forplanta seg blant den politiske leiarskapen i flyktningleirane i Libanon. Leiarartikkelen avsluttar med å mane palestinsk ungdom til å «stå imot korruption og krevje reform».⁴⁶ Når det gjeld det å krevje reform, skal vi sjå at aktivistane hadde sterke verkemiddel å ty til enn eit trykt magasin.

Den tredje og kanskje viktigaste faktoren som la til rette for desse nye aktivistgruppene, var framveksten av sosiale medium. Det er eit vel dokumentert faktum at opprøra som i 2010/2011 snudde den arabiske verda på hovudet, kom i kjølvatnet av ein ekspsjonell vekst av sosiale medium-brukarar i Midtausten, spesielt på Facebook.⁴⁷ Ein skal vere forsiktig med å hevde at bruk av sosiale medium automatisk fører til meir demokrati. Men når det er sagt, er det brei semje i forskinga om at nettsfären har skapt nye offentlege rom for dissens og politisk mobilisering.⁴⁸ Som vi skal sjå i neste avsnitt, er dette også tilfellet i dei palestinske miljøa i Libanon.

KAMPEN OM KOMITEANE

Hausten 2014 lanserte palestinske aktivistar kampanjen «Tabbiq nizamak», eller «Bruk systemet ditt», på sosiale medium. «Systemet» som tittelen refererer til, var ei liste over reviderte vedtekter for folkekomiteane som PLOS Avdeling for flykt-

ningaffærar på Vestbreidda hadde publisert i 2010.⁴⁹ Aktivistane viste spesielt til artikkel seksten i dette dokumentet, der det vert slege fast at folkekomiteane skal vere demokratisk valde av leirbefolkningane – noko som aldri har skjedd i Libanon.

På internett gjekk aktivistane hardt ut mot enkeltindivid og medlemmar av folkekomiteane som etter tur vart hengde ut som korrupte, reaksjonære og motstandarar av demokrati. Samtidig vart leirbuarane oppfordra til å dele bilde av øydelagt infrastruktur under hashtaggen *#min_al_mas'ül* (*#kveneransvarleg?*). I leirane, frå Nahr al-Barid i Nord-Libanon til al-Rashidiyye i sør, hengde aktivistar opp plakatar med forfalska meldingar frå folkekomiteane der desse tilsynet



Medlemmar av folkekomiteane vart etter tur hengde ut som korrupte, reaksjonære og motstandarar av demokrati.



latande innrømte å vere inkompetente, medan veggar og bygningar vart dekte med graffiti med slagord som «Det er din rett å ha ein vald folkekomité», eller «for å hindre klientelisme må du ha ein vald folkekomité», alltid etterfølgd av hashtaggen *#tabbiq_nizāmak* (*#bruksystemetditt*).

Trass i desse kampanjane fortalde aktivistar frå Qalam Rasas-magasinet at dei i røynda hadde lita tru på at nokon av militsfraksjonane ville låne så mykje som eit halvt øyre til kravet deira om leirdemokrati.⁵⁰ Som ein leiar i PFLP-GC, ei Syria-venleg militsgruppe som dominerer dei palestinske leirane i Beirut og Nord-Libanon, insisterte: «Folk vil ikkje ha [demokratiske] val. Det ville skape kaos. Folket stolar på at fraksjonane tar seg av politikken.»⁵¹ På grunn av denne typen ovanfrå-og-ned-motstand hadde aktivistane byrja å alliere seg med krefter i leirane som delte mistrua

deira til militsgruppene og dei politiske fraksjonane. Heller enn å jobbe for ein reform av folkekomiteane var det først og fremst såkalla nabolagskomitear dei engasjerte i dialog.

Nabolagskomiteane representerer slektskapsgruppene i leirane. Det var PLO som først oppretta desse i 1970-åra for å organisere mektige familiar i oversiktlege einingar og sørge for at dei ikkje ville utfordre autoriteten til militsane. Med tida har ein del av desse slektskapsorganisasjonane likevel byrja å handle som sjølvstendige aktørar der naboor og slektningar går saman i ulike kooperativ for å levere enkle tenester til nabolaga sine, slik som straum og vatn.⁵³ Dei best organiserte nabolagskomiteane er gjerne sponsa av ressurssterke familiar eller forretningsfolk, og oppblomstringa av slike kooperativ indikerer at det finst sterke former for sosial organisering i leirane som går på tvers av fraksjonslojalitet. Av same grunn hadde ungdomsaktivistane flittig byrja å kartlegge allierte blant nabolagskomitear og slektskapsgrupper. Aktørane som ein gong i tida vart haldne for å vere konservative og til hinder for den palestinske revolusjonen, vart no paradoksalt nok vurderte som allierte i kampen for leirdemokrati. Nedanfor skal vi sjå korleis eit val av ein nabolagskomité i landets største leir, 'Ayn al-Hilwe, vart kjelde til mykje kontrovers i 2016.

I slutten av 2015 hadde Mahmoud 'Ataya, ein sjølverklært aktivist som utan tvil er den største sosiale medium-stjerna blant palestiniane i Libanon,⁵⁴ saman med nokre vener sikra seg eks-torn økonomisk stønad for å forbetra nabolaget sitt, al-Zib, som ligg i den vestre delen av 'Ayn al-Hilwe. Stønaden, som kom gjennom den britiske ambassaden, vart brukt til å male veggane, dekorere gatene med blomar, etablere ein biljardklubb for ungdom, osv. Slik vakna stovete gater til liv med sprakande gule fargar, og innsatsen fekk mykje merksemd lokalt. Inspirert av tankegodset

til Qalam Rasas-kollektivet argumenterte Mahmoud og venene i al-Zib for at den lokale nabolagskomiteen burde gjennomføre eit demokratisk val; hadde ikkje innbyggjarane vist at dei kunne gjere mykje meir for nabolaget enn det fraksjonane nokon gong hadde gjort?⁵⁵

Etter ein kort periode med valkamp hadde Zib-komiteen halde sitt første val. Det var berre eitt problem: PLO-representanten som i utgangspunktet var peikt ut til å styre nabolaget, hadde vorte sett på sidelinja; i protest mot valprosessen hadde han nekta å stille som kandidat. Det faktum at eit nabolag i leiren meir eller mindre hadde lausrite seg og annonseret sjølvstende, vart tatt ille opp av dei politiske myndigheitene. «PLO er den einaste representanten for det palestinske folket», uttalte ein medlem av PLOS folkekomité: «Ein nabolagskomité som ikkje er representert av PLO, er derfor ikkje legitim.»⁵⁶ «Det er vi som er legitimate», svara den nye nabolagskomiteen i al-Zib retorisk: «Kven er det som har valt dykk?»⁵⁷

FRAKSJONANE SLÅR TILBAKE

Episoden i Zib-nabolaget vart feira som ein siger på sosiale medium, og aktivistar frå Qalam Rasas kunne opplyse om at liknande eksperiment hadde vorte gjennomførte i ytterlegare tre nabolagskomitear i Burj al-Barajne-leiren nokre månadar seinare. I alle tilfella understreka informantane mine at desse vala var unike fordi både unge menn og kvinner kunne stille som kandidatar og stemme.⁵⁸

I Zib hadde episoden likevel late etter seg ein bitter smak i munnen til innbyggjarane. Da eg besøkte nabolaget i april 2016, mistenkte innbyggjarane at PLOS tryggingsstyrkar i leiren bevisst unngjekk dette området som straff for sivil ulydighet. Det lokale palestinske politiet hadde nyleg nekta å rykke ut under ein episode med vald der ein leirbuar hadde blitt drepen. Som resultat hadde den nyvalte leiaren av nabolagskomiteen

måtta hyre inn ei tung væpna livaakt som følgde hakk i hæl kvar enn han gjekk. Han torde ikkje lenger forlate det vesle nabolaget av frykt for represaliar. Som vi skal sjå, var det ikkje berre i 'Ayn al-Hilwe at aktivistar møtte motgang.

På høgda av «Tabbiq nizamak»-kampanjen vart leirane i Libanon vitne til ei ny bølgje av folkeleg motstand som skulle stele mykje av merksemda til ungdomsaktivistane. I januar 2016 kom FNS støttebyrå for palestinske flyktningar, UNRWA, med ei helsereform som gjorde at leirbuvarane no måtte belage seg på å betale mellom fem og tjue prosent av sjukehusrekningane sine sjølve; ein æra av gratis helsehjelp var over.⁵⁹ Da ein 23 år gammal palestiniar frå Sør-Libanon tente på seg sjølv i protest, braut det ut masse-demonstrasjonar mot FN-byrået.⁶⁰ Ivrige etter å slå politisk mynt på krisa, følgde dei palestinske fraksjonane opp med å låse UNRWA-tilsette ute frå kontora deira i leirane, medan dei sørgde for at busslastar med flyktningar vart sende til Beirut for å barrikadere dørene til byrået sitt hovudkvarter.⁶¹ Jamvel om ungdomsaktivistane i stor grad støtta protestane og gav dei vid dekning på sosiale medium, gjorde kravet om palestinsk eining i møte med det internasjonale samfunnet at rommet for intern kritikk var i ferd med å bli betydeleg innsnevra. Kritiske stemmer vart i aukande grad oppfatta som forræderi.

Under feltarbeidet mitt viste aktivistar ivrig fram anonyme tekstmeldingar dei hadde motteke med trugsmål om vald mot dei og familien deira om dei ikkje heldt munn. Det som likevel svei mest for aktivistane, var at vanlege leirbuvarar også tvila på intensjonane deira. Tanken om at unge palestiniarar frå ulike økonomiske kår og politisk tilknyting skulle komme saman og einast som ungdom og mobilisere støtte til saker heller enn fraksjonar, var framleis framand for mange. Fatah, på si side, gjorde det dei kunne for å utnytte denne tvilen og spreidde aktivt rykte om at aktivistane i

realiteten hadde blitt hyra inn av den kontroversielle Muhammad Dahlan, Fatah-leiaren som hadde vorte bannlyst i eksil av hovudørsla, og som sidan 2013 openlyst har finansiert sin eigen utbrytarfraksjon. Jamvel om dei unge aktivistane eg var i kontakt med, hadde svært lite positivt å seie om Dahlan og det politiske prosjektet hans, sleit dei med å distansere seg frå desse skuldingane. I mai 2017 fortalte ein fortvila aktivist om korleis vener av han faktisk hadde late seg verve til Dahlans militsstyrkar i Libanon, mest av alt for å unngå trugsmåla om vald. Paradoksalt nok verka det lettare å bli med i ein kontroversiell milits enn å heve stemma si som sjølvstendig aktør.⁶²

Å FÅ FOLKET I TALE

Da eg møtte Badi' i Burj al-Barajne-leiren to år etter demonstrasjonane som starta det heile, var han open om motgangen aktivistane hadde møtt. Kampen om deltaking og demokratisering hadde kostat mykje, og det var få positive resultat å vise til. Han slo fast at den største prestasjonen så langt var at ein hadde skapt ei ny visse blant palestinske leirbuarar om situasjonen deira. «Vi har fått folket i tale», sa han. «Kvar aktivist innser at det å endre verda rundt seg er nesten så godt som umogleg. Men han veit også at når du først har fått folket i tale, når du gir dei nye idear, er det ingen veg tilbake.»⁶³

Kanskje det var dette dei palestinske politiske myndighetene frykta. Det skulle nemleg vise seg at protestkampanjane frå Libanon hadde nådd Dei palestinske sjølvstyremyndighetene på Vestbreidda òg. I oktober 2016 publiserte nettavisa Rai al-Youn opplysningar som var lekne frå det palestinske utanriksministeriet om at president Mahmoud Abbas inntryggande hadde bede utanriksminister Riyad al-Malaki om å forfølgje, gjennom diplomatiske kontaktar, ei rekke aktivistar i diasporaen som gjennom sosiale nettverk hadde

gjort seg skuldige i ærekrenking av presidenten og den palestinske leiarskapen.⁶⁴ På lista stod Mahmoud 'Ataya, Facebook-stjerna i Libanon som hadde vore ein pådrivar for valet i Zibnabolaget i leiren 'Ayn al-Hilwe. Ei anna nyheitskjelde viste til eit bandopptak av det som skal vere ein tryggingsoffiser i PA, som fortalte at president Abbas meinte 'Ataya var ein agent for erkerivalen Hamas.⁶⁵ 'Ataya, på si side, var rask med å svare på skuldingane. Kort tid etter at skuldinga var offentleg kjend, opna han ein live stream på Facebook der han talte til den palestinske presidenten direkte: «Hei, Abu Mazin [kallenamnet til presidenten], korleis står det til? No som eg har merksemda di, vil eg lære deg eit par ting om demokrati.»⁶⁶

KONKLUSJON

Dei palestinske geriljarørlene som vaks fram i flyktningeleiran i 1960- og 1970-åra, var propponentar for ein egalitær og inkluderande politisk kultur som skilde seg mykje frå den politiske kulturen i dei arabiske statane. I denne artikkelen har eg vist at grasrotmobilisering og politisk aktivisme i desse samfunna ikkje berre er eit fenomen som høyrer fortida til. I 2015 låg fleire faktorar til rette for at ei langvarig misnøye med styringa av leiran skulle resultere i at det vart danna nye aktivistnettverk som tok til motmæle mot dei interne palestinske myndighetene.

Ulikt den libanesiske You Stink-kampanjen har ikkje desse palestinske aktivistane nødvendigvis som mål å styre dei respektive leiarskapane sine. Kravet er ikkje å fjerne militsfraksjonane frå leiren; nokre er til og med aktive medlemmar av desse. Det dei krev, er deltaking, representasjon og ei grundig reform av dei eksisterande systema. Når det er sagt, handlar ikkje dette berre om å legge til rette for ei meir effektiv organisering av dei palestinske samfunna i eksil. Dei unge aktivistane vi har møtt i denne artikkelen, ser på seg

sjølve som ein del av eit breiare opprør mot eit eldrevelde og antidemokratiske krefter i den palestinske leiarskapen. Skal nasjonalrørsla styrast av ein autokratisk politisk elite, eller skal ho høyre til flyktingane sjølve? Slike fundamentale spørsmål gjer at kampen om styringa av nokre små palestinske nabolag i Sør-Libanon, for eksempel, får symbolsk verdi av store proporsjonar og råkar til og med kontora til den palestinske presidenten i Ramallah. Det er ikkje berre den palestinske leiarskapen aktivistane i Libanon utfordrar; dei tvingar også oss forskarar til å tenke nytt om palestinsk politisk liv i eksil. Denne historia er talande for korleis desse flyktningeleiranane ikkje utgjer «unnaksområde» avskorne frå omverda – dei er nær knytte til den politiske utviklinga i heimlandet og straumdrag i den arabiske samtida. Etter over 70 år i eksil demonstrerer dei palestinske flyktingane tydeleg at undertrykking og ein grunnleggande mangel på rettigheter ikkje har gjort at dei har tapt stemma eller handlekrafta si, individuelt eller kollektivt.

• f •

ERLING LORENTZEN SOGGE er postdoktor ved Institutt for kulturstudier og orientalske språk, Universitetet i Oslo.

- 1 Eg vil takke to anonyme fagfeller og Charlotte Lysa for gode innspel til denne artikkelen.
- 2 Samia Nakhoul, «Lebanon's rubbish crisis exposes political rot», Reuters, 7. September 2015, reuters.com/article/us-lebanon-protests-crisis-insight-idUSKCN0R70GO20150907
- 3 Al-Jazeera, «Häshtag (Til'it rihetkun) yu'id dhikrāyāt al-rabī' al-'arabi [Hashtagen «You stink» vekker minne frå den arabiske våren]», Al-Jazeera, 23. august 2015, aljazeera.net/news/reportsandinterviews/2015/8/23
- 4 Sidan 1949 har FNs støttebyrå for palestinrarar (UNRWA) i utgangspunktet hatt ansvaret for infrastruktur i dei palestinske flyktningeleiranane. Når det gjeld straum og elektrisitet, hevdar likevel UNRWA at det er den libanesiske statens eige straumselskap, Electricité Du Liban (EDL), som har ansvaret for vedlikehald. For meir informasjon, sjå Annie Slemrod, «No accountability for deadly Burj al-Barajneh electrocutions», The Daily Star, 18. februar 2012, dailystar.com.lb/News/Lebanon-News/2012/Feb-18/163745-no-accountability-for-deadly-burj-al-barajneh-electrocutions.ashx
- 5 Reportasje frå Burj al-Barajne sendt på «Palestine Today», 5. august 2015.
- 6 Intervju med forfattaren 8. september 2015.
- 7 Dette er ein del av eit større forskingsarbeid om politisk liv i dei palestinske flyktningeleiranane i Libanon, der eg i perioden 2013–17 gjorde periodisk feltarbeid i dei fem leiranane Ayn al-Hilwe, Shatila, Burj al-Barajne, Mar Elias og al-Baddawi. I tillegg besøkte eg dei politiske kontora til Fatah, Hamas og andre politiske grupper som ligg utanfor flyktningeleiranane. Dette materialet er henta frå føltobservasjon og om lag 200 intervju som inkluderer leiatarar og vanlege medlemmar av palestinske fraksjonar, samfunnsleiatarar, religiøse leiatarar, sivile leirbuarar, ungdom og aktivistar og tilsette i ikkje-statlege organisasjoner, for å nemne eit utval. Alle intervjuva vart utførte på levantisk arabisk dialekt eller standardarabisk av meg utanom tilfelle da eg nytt engelsk. Av omsyn til tryggleiken har eg valt å anonymisere dei fleste av informantane mine. Når eg i nokre høve omtalar folk ved namn, er dette med deira samtykke. Eg nyttar namnet berre på aktivistar som eg opplevde var komfortable med den offentlege rolla si.
- 8 Norwegian Refugee Council, «Palestinian refugees' right to inherit under the 2001 Amendment Law – Beirut test case» (2016), nrc.no/globalassets/pdf/reports/palestinian-refugees-right-to-inherit-under-the-2001-amendment-law.pdf; UNRWA, «Protection Brief Palestine Refugees Living in Lebanon» (Beirut: UNRWA, 2017), unrwa.org/sites/default/files/lebanon_protection_brief_october_2017.pdf.
- 9 Den lovlige marginaliseringa av palestinrarane i Libanon handlar i stor grad om det religiøse og etniske tilhøyret deira. I ein stat der politisk makt blir fordelt etter storleiken på 18 offisielle religiøse samfunn, blir palestinrarane, som for det meste er sunni-muslimar, sedd på som eit trugsmål mot den skjøre balansen til det konsosialistiske politiske systemet som vart etablert i den såkalla Nasjonalpakta frå 1943 og seinare revidert gjennom Ta'if-avtalen frå 1989. Hos dei libanesiske politiske partia finn vi framleis ein nesten aksiomatisk aversjon mot å naturalisere flyktingane, ein prosess som blir omtala som *tawtin* i den libanesiske grunnlova. Mange palestininar argumenterer for at mangelen på statsborgarskap – som heller ikkje er eit politisk krav frå deira side – ikkje burde hindre dei i å få grunnleggande sivile rettigheter. Etter over 70 år i eksil har dei om lag 174.000 palestinrarane som i dag bur i Libanon, ingen sivile rettigheter og lever i marginen av samfunnet. For meir informasjon om diskusjonen om *tawtin* og naturalisering, sjå Daniel Meier, «Lebanon: The Refugee Issue and the Threat of a Sectarian Confrontation», Oriente Moderno 94, no. 2 (2014) og Maja Jammyr, «No Country of Asylum: 'Legitimizing' Lebanon's Rejection of the 1951 Refugee Convention», International Journal of Refugee Law 29, no. 3 (2017). dx.doi.org/10.1093/ijrl/exx026.
- 10 Henta frå forfattaren sine feltnotat, 17. desember 2015.
- 11 Jacob Höglund, «Nonviolent mobilization between a rock and a hard place: Popular resistance and double repression in the West Bank», Journal of Peace Research 52, no. 5 (2015). dx.doi.org/10.1177/0022343315572497; «Fatah from Below: The Clash of Generations in Palestine», British Journal of Middle Eastern Studies 43, no. 4 (2016). doi.org/10.1080/13530194.2015.1116375.

- 12 Sjå også Philip Leech, «Who owns ‘the spring’ in Palestine? Rethinking popular consent and resistance in the context of the ‘Palestinian State’ and the ‘Arab Spring’», *Democratization* 22, no. 6 (2015). doi.org/10.1080/13510347.2014.899584.
- 13 For meir om Agamben og hans påverknad, sjå Adam Ramadan, «Spatialising the Refugee Camp», *Transactions of the Institute of British Geographers* 38, no. 1 (2012).
- 14 Giorgio Agamben, *State of Exception* (Chicago: University of Chicago Press, 2005), 2, 87.
- 15 Giorgio Agamben, *Homo Sacer: Sovereign Power and Bare Life*, oversett av Daniel Heller-Roazen (Stanford, California: Stanford University Press, 1998), 196.
- 16 Are Knudsen, «Camp, Ghetto, Zinco, Slum: Lebanon’s Transitional Zones of Emplacement», *Humanity: An International Journal of Human Rights, Humanitarianism, and Development* 7, no. 3, (2016).
- 17 Dag Tuastad, «‘State of exception’ or ‘state in exile’: The fallacy of appropriating Agamben on Palestinian refugee camps», *Third World Quarterly* (2016): 2161. dx.doi.org/10.1080/01436597.2016.1256765.
- 18 Kairo-avtalen av 1969 er tilgjengeleg på arabisk via Institute for Palestine Studies: palestine-studies.org/sites/default/files/Text_of_the_Cairo_Agreement.pdf
- 19 For meir om denne perioden, sjå Yezid Sayigh, «Reconstructing the Paradox: The Arab Nationalist Movement, Armed Struggle, and Palestine, 1951–1966», *Middle East Journal* 45, no. 4 (1991), jstor.org/stable/4328352.
- 20 Rex Brynen, «The Politics of Exile: The Palestinians in Lebanon», *Journal of Refugee Studies* 3, no. 3 (1990): 208. dx.doi.org/10.1093/jrs/3.3.204.
- 21 Fawwaz Traboulsi, *A history of modern Lebanon*, 2 ed. (Beirut: Pluto Press, 2012 [2007]), 181–2.
- 22 Yezid Sayigh, *Armed Struggle and the Search for State: The Palestinian National Movement, 1949–1993*, (New York: Oxford University Press, 1997), 190.
- 23 Trudy Rubin, «The fall of the PLO’s ‘state within state’ in Lebanon», *The Christian Science Monitor*, 10. February 1983, csmonitor.com/1983/0210/021046.html
- 24 Nadia Latif, «Fallahin, Fida’iyyin, Laj’iin: Palestinian Camp Refugees as Autochtons», *The Arab Studies Journal* 19, no. 1 (2011). jstor.org/stable/23265811; Ghada Hashem Talhami, *Palestinian Refugees: Pawns to Political Actors* (New York: Nova Publishers, 2003).
- 25 Julie M. Peteet, *Gender in Crisis: Women and the Palestinian Resistance Movement* (Columbia University Press, 1991), 187.
- 26 Ibid.
- 27 Dette betyr ikkje at PLO åleine skal bere skulda for den libanesiske borgarkrigen. På dette tidspunktet hadde landet allereie levd på ein knivsegg etter fleire tiår med interne spenningar, og seinast i 1958 hadde det opplevd krig da pan-
- arabiske politisk grupper prøvde å styre den USA-venlege presidenten Camille Chamoun, noko som enda i ein amerikansk invasjon av landet. Når det er sagt, bidrog PLOs væpna nærvær til eit destruktiv våpenkapplopp som til slutt ført til at ulmande spenningar blussa opp på nyt.
- 28 Etter krigen tok slutt i 1989, etablerte Syria eit surrogatstyre over Libanon som skulle vere til 2005. Jamvel om Kairo-avtalen vart offisielt slettet så tidleg som i 1987, og alle militsgrupper i prinssippet vart bannlyste i 1991, lét Syria den iransk-støtt Hizballah-rørsla behalde eit storstilt væpna nærvær i kraft av å utgjere ei nytig motvekt mot Israel. På same måte prioriterte ikkje Syria å avvæpne dei palestinske leirane. Jamvel om dei tyngste våpena i leirane vart gitt over til den libanesiske hæren i 1991, braut avvæpningsprosessen saman etter at det braut ut interne kamper mellom konkurrerande Fatah-militsar. Han har til gode å bli gjenopptatt. For meir informasjon om avvæpninga av militsar etter krigen, sjå Elizabeth Picard, *The Demobilization of the Lebanese Militias* (Oxford: Centre for Lebanese Studies, 1999).
- 29 Wendy Pearlman, *Violence, Nonviolence, and the Palestinian National Movement* (Cambridge: Cambridge University Press, 2011), 221.
- 30 Rex Brynen, «The Neopatrimonial Dimension of Palestinian Politics», *Journal of Palestine Studies* 25, no. 1 (1995): 25. jstor.org/stable/2538102.
- 31 Dag Tuastad, «The Role of International Clientelism in the National Factionalism of Palestine», *Third World Quarterly* 31, no. 5 (2010): 104–5. dx.doi.org/10.1080/01436597.2010.503569.
- 32 Pearlman, 2011, 154.
- 33 Midla skulle brukast til å bygge eit palestinske politi i Gaza. For meir informasjon, sjå Brynjar Lia, *A police force without a state: A History of the Palestinian Security Forces in the West Bank and Gaza* (Reading: Ithaca, 2006), 207.
- 34 Jim Quilty, «A taste of the future», *Middle East International*, 30. juli 1999.
- 35 Fatah annonserte at dei hadde byrja å trene nye rekrutter i Libanon sommaren 1999. Samtidig vart kontora til ei rekke andre PLO-rørslar som var lojale til Arafat, opna på nyt. Kjelder nær Arafat forklarte at denne manoveren hang saman med at PA hadde behov for å kontrollere dei sjølvstyrte flyktningleirane i Libanon i opplopsfasen til dei planlagde sluttstatusforhandlingane med Israel, som skulle ta for seg kjernespørsmål for palestinaranane, som flyktningane sin rett til å returnere til heimlandet. Arafat innsåg at han mangla eit forhandlingskort i Libanon, og byrja å legge planar for å re-establisere PLOs militære og politiske rammeverk i flyktningleirane så tidleg som hausten 1998. For meir om dette, sjå Erling Lorentzen Sogge, «No one can rule us: Politics of exile in refugee camp Ayn al-Hilwe, capital of the Palestinian diaspora (1993–2017)» (Oslo: ph.d.-avhandling, 2018), 56–63.
- 36 Erling Lorentzen Sogge, «Managing Security Webs in the Palestinian Refugee Camp of Ain al-Hilweh», *Middle East Research and Information Project (MERIP)* 282 (2017). merip.org/mer/mer282/managing-security-webs-palestinian-refugee-camp-ain-al-hilweh.

- 37 Jad Chaaban, Nisreen Salti, Hala Ghattas, Alexandra Irani, Tala Ismail og Lara Batlouni, «Survey of the socioeconomic status of Palestine refugees in Lebanon 2015» (Beirut: The American University of Beirut og UNRWA, 2016), unrwa.org/sites/default/files/content/resources/survey_on_the_economic_status_of_palestine_refugees_in_lebanon_2015.pdf
- 38 Dette er på papiret. Som vi får sjå i denne artikkelen, speler nok strategisk alliansebygning ei minst like viktig rolle.
- 39 Forfattarens intervju med ein representant frå Fatahs generelle foreining for palestinske kvinner i Libanon, 'Ayn al-Hilwe, 4. februar 2016.
- 40 Albuss.net, «Intikhāb 'Abd al-Majīd al-'Awad al-mā'sūl al-siyāsī li harakat Hamās fī mintaqat Sūr [Valet av 'Abd al-Majīd al-'Awad som Hamas' politiske representant i Sūr]», Albuss.net, 14. mai 2017, http://www.albuss.net/2017/05/blog-post_669.html
- 41 Forfattarens feltnotat frå besøk i leiren Burj al-Barajne i Beirut, 28. mai. 2017.
- 42 Forfattarens feltnotat frå besøk i leiren al-Beddawi i Tripoli, 22. april 2016.
- 43 Grunna den semi-private organiseringa av nettforumet som på arabisk heiter al-Shabaka al-Filastiniyya al-Shababiyya, lét eg her vere å dele lenka.
- 44 Qalam rasas, eller penn av bly, er det arabiske ordet for blyant. Tittelen har også ei dobbel tyding sidan rasas (bly) gjerne blir brukt synonymt med geværeld eller kuler. I overført tyding handlar dette om at det skrivne ordet er som eit våpen.
- 45 Qalam Rasas, «Iftitāhat al-'adād al-awwal: limādhā kānat Qalam rasās [Opninga av den første utgåva: Korfor Qalam Rasas?】», Qalam Rasas, September 2015, 2–3.
- 46 Ibid.
- 47 Albrecht Hofheinz, «Nexktopia? Beyond revolution 2.0», Oriente Moderno 91, no. 1 (2011). [jstor.org/stable/23253704](http://www.jstor.org/stable/23253704).
- 48 For ein nyansert diskusjon om emnet, sjå Jon Nordenson, *Online Activism in the Middle East: Political Power and Authoritarian Governments from Egypt to Kuwait* (London/New York: I.B. Tauris, 2017).
- 49 PLO, «al-Nizām al-dākhili al-mu 'addal lil-lījān al-sha 'biyya lil-khadamāt fī mukhayyamāt lil-lājīn al-filastinīyyin [Det reviderte regelverket for folkekomitear for tenester i leirane til dei palestinske flyktningane]» (Ramallah; PLO – Administrasjonen for flyktningaaffærer, 2010)
- 50 Eit tidlegare forsok på å velje ein leirkomité av sivile, faglærte palestinrar i flyktningleiren Shatila i Beirut i 2005 som enda i trugsmål om vald frå fraksjonane, sat enno ferskt i minnet hos mange av aktivistane. For ein spanande analyse av denne prosessen, les Manal Kortam, «Politics, patronage and Popular Committees in the Shatila refugee camp, Lebanon» i *Palestinian refugees: Identity, space and place in the Levant*, ed. Are Knudsen, Sari Hanafi (New York: Routledge, 2011).
- 51 Forfattarens intervju med Abu Musa Sabir, tidlegare leiar av PFLP-GC i Beirut-området, Shatila, 10. november 2013.
- 52 Nabolagskomitear er berre eitt av fleire namn som blir brukt om fenomenet. I nokre tilfelle blir desse formene for organisering kalla landsbykomitear eller familieligaar. Uansett kva ein vel å kalle desse samanslutningane, er koplinga mellom landsby, nabolog og familie det sentrale her. Dei ulike nabologa i flyktningleirane er ofte oppkalla etter landsbyar i Nord-Galilea i det historiske Palestina, og tanken om slektskap og familie heng tett saman med den geografiske utforminga av desse nabologa i leirane i dag.
- 53 I Hattin-nabolaget i den sorlege delen av 'Ayn al-Hilwe var den lokale nabolagskomiteen sponsa av ein leiar frå den islamistiske rorsla Hizb al-Tahrīr, medan dagleg leiar var ein representant frå Fatah. Det dei hadde til felles, var at begge hadde opphav frå Hattin-landsbyen i det historiske Palestina og arbeidde hardt for å ta vare på behova til nabologat deira i 'Ayn al-Hilwe. (Forfattarens feltnotat 19. mai 2017).
- 54 'Ataya, ei Facebook-side med namn «'Ayn al-Hilwe – diasporaens hovudstad», der han og ei gruppe vener deler nyhetsoppdateringar frå dei palestinske leirane, og som til tider rettar ein svært kritisk brodd mot dei palestinske fraksjonane. I skrivande stund (april 2019) har Facebook-sida om lag 150 000 følgjarar: facebook.com/AismatS_hatatAinAlHelwe/
- 55 Basert på forfattarens feltnotat frå eit besøk til Zib-nabolaget og eit intervju med Mahmud 'Ataya 29. april 2016.
- 56 Forfattarens intervju med Hassan Sirhan, leiar for Det palestinske folkepartiet (PPP) i 'Ayn al-Hilwe og medlem av PLOs folkekomité, 2. februar 2016.
- 57 Basert på forfattarens feltnotat frå eit besøk til Zib-nabolaget 29. april 2016.
- 58 Jamvel om desse komiteane enno var styrt av eldre menn, så vidt eg kunne sjå, var tanken om at ungdom kunne delta i demokratiske val feira med stor entusiasme av informantane mine. Ein samanlikna denne utviklinga med det nylege valet av den uvanlege unge franske presidenten Emanuel Macron i mai 2017.
- 59 Blant palestinaranar blir UNRWAs nærvær i flyktningleirane gjerne forstått som det internasjonale samfunnet si vedvarande støtte til retten deira til å returnere til heimlandet, og nedskaleringar eller omorganisering av budsjettet blir ofte tolka som potente politiske handlingar.
- 60 Martin Armstrong, «Palestinians protest against UNRWA cuts in Lebanon», Aljazeera.com, 29. februar 2016, [aljazeera.com/indepth/features/2016/02/palestinians-protest-unrwa-cuts-lebanon-160223151011960.html](http://www.aljazeera.com/indepth/features/2016/02/palestinians-protest-unrwa-cuts-lebanon-160223151011960.html)
- 61 Ein UNRWA-tilsett som hadde vorte låst ute frå kontoret sitt i leiren al-Beddawi i Nord-Libanon, kommenterte irritert at desse tiltaka var ein klar politisk manøver der målet var å leie det kritiske sokelyset bort frå dei palestinske fraksjonane ved heller å legge press på nemnde FN-byrå (frå forfattarens feltnotat 22. april 2016).

- 62 Forfattarens feltnotat frå møte med ung aktivist i Beirut, 16. mai 2017.
- 63 Forfattarens intervju, Burj al-Barajne i Beirut, 28. mai 2017.
- 64 Mahmud K'awush, «Hadħār, hadħār, yā nushata' fi-l-shattāt min għadbat 'Abbās!! Hadħār, hadħār!! [Vakt dykk, vakt dykk, aktivistar blant diasporaen, for Abbas' vreide!! Vakt dykk, vakt dykk!!]», Railyoum, 14. oktober 2016, raialyoum.com/index.php/%d8%a7%d8%a5%d8%a7%d8%a1-%d8%a7%d9%84%d8%a7%d8%a8%d8%a7%d8%a1-%d9%82%d8%a7%d9%8a%d8%a7%d9%82%d8%a7%d9%8a%d8%a7%d9%82
- 65 P.N. News, «Bi-l-wathha'iq: tasjil ma 'ma'sūl amni yu'akkid anna al-ra'iš 'Abbās huwwa man talab al-tahqiq bi asma' nāshiti al-facebook [Dokumentert: Oppnak av ein tryggingsoffiser bekreftar at 'Abbas er den som har bestilt etterforskinga av namna til Facebook-aktivistane]» P.N. News, 14. oktober 2016, pn-news.net/news.php?extend.3601
- 66 Facebook-straum henta frå 'Atayas personlege Facebook-profil 14. oktober 2016.